
Fra: Line Merete Valle
Sendt: 7. juli 2017 09:22
Til: Eilin Houlison Molvik
Kopi: Therese Urdahl Braseth; Terje Fauske; Einar Rydland
Emne: Trong for Tilleggsdokumentasjon - sak 17/1811

Hei Eilin!

Viser til punkt 4 i sak 17/1811-17/9705 i brev sendt til Therese;

Eg kan komme med nokre oppklaringar:

Arealet som er søkt frådelt på Leiknes har to reguleringsføremål. Ein del er regulert til offentleg område og ein del (F3) er regulert til friområde. Lindås kommune kjøper arealet for å få utvida Leiknes skule sitt område. Skulen skal byggast på i haust og vil då gå ut over regulert BYA. Ved å kjøpe tilleggsarealet kjem skulen si tomt til å vere stor nok for utvidinga utan å gå utover regulert BYA (24,6%).

Arealet som vert kjøpt skal nyttast til leikeareal. Del av arealet som er regulert til offentleg føremål kan på sikt verte opparbeida og tilrettelagt med leikeapparat, stiar mv. Det skal også etablerast ein parkeringsplass (11 plassar), sør for fleirbrukshallen i samband med utviding av skulen (der er for liten kapasitet i dag). Jfr referat frå førehandskonferanse 09.02.17. er dette avklart med teknisk drift mtp etablert snuhammar ved hallen.

Det er ikkje tenkt at ein skal nytta areala anleis enn det dei er regulert til. F3 vil i framtida vera del av leikearealet til skulen, men ikkje opparbeidast særskilt. Det vil forbli eit naturområde. Opparbeiding vil kun skje på det arealet som i dag er regulert til offentleg føremål.

Håpar det var oppklarande og at punktet 4 om endra arealbruk kan strykast i brevet frå deg. Ta gjerne kontakt med meg dersom noko er uklart i saka. Eg prøvde å ringe deg nettopp, men ser du er opptatt i dag.

Vi snakkast! Eg tek ferie i ettermiddag, men er tilgjengeleg ut dagen!

Med helsing

Line Merete Valle
Prosjektleder
Eining for eigedom



☎ 56 37 51 13

■ 99 29 44 74

line.merete.valle@lindas.kommune.no